

KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL




# KYRKJE-VARDEN

Nr. 3

Hausten 2022

54. årgang



God hausttid!



# DEN NORSKE KYRKJA

## KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



### KYRKJEVERJE

Marie Bjørnødegård  
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011  
E-post: mb836@kyrkja.no  
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og fredag 09 - 15



### SOKNEPREST

Marit Slettum  
tlf. 913 93 314  
E-post: ms638@kyrkja.no  
Inga fast kontortid, men er ofte innom  
Tlf. 61 12 13 22  
Opptake? Legg gjerne ett beskjed  
Samtale? Ring og avtal tid  
Måndag er prestens fridag



### ORGANIST

Sergio Okstad  
tlf. 90 21 29 45  
E-post: sb742@kyrkja.no



### TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR

Helena Wright  
tlf. 951 78 041  
E-post: hw337@kyrkja.no



### DIAKON

Ellen Oddveig Rudi  
tlf. 948 65 195  
E-post: er339@kyrkja.no



### KYRKJETENAR

Nils Kjell Nilsen  
Tlf. 918 22 336  
E-post: nn934@kyrkja.no



### KONTORSEKRETÆR

Laila Sveen  
Tlf. : 611 21 320/ 911 23 183  
E-post: ls456@kyrkja.no

## KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,  
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal  
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

## DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



### BRUFLAT SOKNERÅD

Magnhild Claudius, leiar  
Tlf.: 94164449  
E-post: magnhildc85@gmail.com



### N. ETNEDAL SOKNERÅD

Steinar Stenseth, leiar  
Tlf. 975 69 228  
E-post: steinarsten@gmail.com



### ETNEDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD

Anders Grønbekk, leiar  
Tlf. 905 64 184  
E-post: angro53@hotmail.com

## KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal  
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal  
Redaktør: Marit Slettum  
Fast medarb.: Ingun Kompen og Wenche Hillestad Møller

### Ekspedisjon:

Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

### Bladpengar:

Kr. 250,- eller meir for året  
Til adresse utanom Etnedal: kr. 300,-  
Bankgiro: 2140.07.03822

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

# Oppslagstavla

## Bibelordet:



« Fred etterlet eg dykk,  
min fred gjev eg dykk.  
Eg gjev dykk ikkje fred på  
same måten som verda  
gjer det. Lat ikke hjarta  
dykka uroast, og ver ikkje motlause.» Joh. 14, 27



## Utdeling av 2- og 4-årsbøker

Nord-Etnedal kyrkje søndag 16. oktober kl. 11.00 (4-årsbok)

Bruflat kyrkje søndag 30. oktober kl. 11.00



Arkivbilde frå tidlegare utdeling

## Gudsteneste tilrettelagt for menneske med nedsett funksjonsevne

Søndag 13. november kl. 11.00  
Solveig Grandhagen og Anne Marit Høsteland  
er med oss denne dagen.

**Forsidefoto: Ingjerd Thon Hagaseth**  
**Nordlys ein augustkveld - sett frå Bruflat**

## Bruflat menighetshus

**Møter: Torsdagar kl. 19.00**

Bibelkveldar

Sangkveldar

Misjonsmøter

### Betel, Fluberg

29. september

13. oktober

10. november

8. desember

### Haustfest

Laurdag 22. oktober kl. 16.00

Aftentrekning, bevertning

Sang og andakt

Arr. Styret for Bruflat menighetshus

### Leige Bruflat menighetshus?

Kontakt:

Anne Marit Stensæter 410 47 417

## TV-aksjonen 23. oktober 2022 SAMMEN REDDER VI LIV

Til inntekt for Leger uten grenser  
Les meir på s. 9



## Festgudsteneste i Bruflat kyrkje



Søndag 28. august feira vi dåp, markerte skulestart med utdeling av 6-års bok til fyrsteklassingane, og hadde dessutan besøk av Odd Fellow- og Rebecca-losjens avdelinger i Valdres.

Gudstenesta starta som vanleg med klokkeringing (kyrkjetenar Nils Kjell ringer også kl. 09.30 for å minne om samlinga kl. 11) Preludiet var eit fint samspel mellom organist Sergio og trusopplærar Helena på fele, før Marit prest ynskte velkommen. Samlingsbøna vart leia av Helena, trusopplærar og dotter hennar Silvia.

Etter lovprising med «Måne og sol», vart Noah Emiil Larsen Aronsen døypt.

Dåpskjolen var svært tradisjonsrik, 118 år gammal. 53 er døypte i den kjolen før, så Noah Emiil var den 54. Noah Emiil og foreldra Yvonne Angelica Larsen Kristiansen og Kim Aronsen, er nyinnflytta i dalen, så dei fekk varm velkomstapplaus frå kyrkjelyden.



På bakgrunn av teksten i Johannesevangeliet kapittel fire, om Jesu møte med kvinnen ved Jakobsbrønnen i Samaria, tok preika denne dagen utgangspunkt i kristne symbolbygg. Det første som vart nemnt, var Kristus-statuen i Rio de Janeiro, 39 m. høg, bygd på Corcovado-fjellet, 30 meter mellom fingerspissane. Står der som ei ope bok, lese av alle som ser opp på den majestetiske figuren.

Det finnst ufattelag mange kristne symbolbygg, alle kyrkjer er vitnemål om trua, vona og kjærleiken. I Etnedal har vi to slike tilhøyrigighetsplassar, i sorg og glede.

Det viktigaste er likevel ikkje dei ytre symbola, men kva Jesus SA OG GJORDE. Korleis han møtte menneske med kjærleik, verdighet og omanke. Kvinnen løp heim til landsbyen og fortalte om ein som visste alt om henne, men som elskar henne likevel.

Fleire Jesus-tekstar vart nemnt, først forteljinga om den vesle guten som gav nistepakka si til Jesus. Mellom hendene hans vart brøda og småfiskene nok til å mette mange tusen.

Lærersteinane og Jesus i storm på Genesaretsjøen vart også trukke fram. Det var då han reiste seg i båten og truga bølgjene og det vart blikk stille.

Jesus-forteljingane står i dei fire evangeliebøkene i bibelen, Matteus, Markus, Lukas og Johannes. Det er trusstyrkande å lese og repetere dei.



Kristus-statuen på Corcovado-fjellet i Rio de Janeiro, Brasil

Dåpsbarnet Noah Emiil saman med foreldra Yvonne Angelica Larsen Kristiansen og Kim Aronsen, etter gudstenesta.



6-årinane fekk kyrkjeboka si av Helena Wright og Liv Gjertrud Telstø frå trusopplæringsutvalet. Her er dei samla; Ola Øien Lunde, Simen Saglien-Kompelien, Endre Nicolaysen Bergsbakken, Marius Bergene og Sondre Hagen

Etter gudstenesta var det både oppgåver for barna (ute og inne) og omvising i kyrkja ved Anne Marie Ødegård.

Ho er også ein av dei friviljuge pensjonistane som gjev nokre dagar kvar sommar, slik at Bruflat kyrkje kan vere open for omvising og stille stunder.

Marit prest



Anne Marie Ødegård  
fortel levande om  
Bruflat kyrkje

# Jesus vil!



Av Nils-Petter Enstad, Frelsesarmeén

### Bibeltekst: Mark 1, 40 - 45

*Ein mann som var spedalsk, kom til han, fall på kne og bad: «Dersom du vil, kan du gjera meg rein.» Jesus fekk inderleg medkjensle med han, rette ut handa og rørte ved han. «Eg vil», sa han. «Bli rein!» Med det same var sjukdomen borte, og mannen vart rein. Jesus tala strengt til han og sende han straks bort. «Sjå til at du ikkje seier eit ord til nokon om dette», sa han. «Men gå og vis deg for presten og ber fram dei offer for reinsinga di som Moses har gjeve påbod om. Det skal vera eit vitnemål for dei.» Men mannen gjekk av stad og gav seg til å fortelja om det som hadde hendt; han gjorde det kjent vidt og breitt. Difor kunne ikke Jesus visa seg i nokon by lenger. Han heldt seg utanfor byane, på aude stader. Men folk kom til han frå alle kantar.*

Ordet «utanforskning» blir brukt mykje i den offentlege debatten. Alle er samde om at det er noko ein må motarbeida, ja, kjempa mot. Utanforskning kan ha mange årsaker. Det kan vera snakk om at forhold ikkje blir lagt til rette, og det kan vera snakk om vond vilje frå storsamfunnet.

Dei spedalske på Jesu tid opplevde utanforskning på sitt mest massive. Det var ein stigmatiserande sjukdom med mange mytar og endå fleire fordømmer knytte til seg. Ein vart utstoytt frå alt sosialt fellesskap og fekk ikkje ha omgang med andre, friske menneske. Derfor var det dristig av mannen i teksten vår å gå Jesus i møte og falla på kne for han.

Sjukdommen var òg stigmatiserande ved det som skjedde med utsjånaden til den sjuke. I tillegg var den smittsam. Den sjuke vart definert som urein. Dette var det mannen i teksten tok tak i: «Dersom du vil, kan du gjera meg rein!»

Jesus fekk «inderleg medkjensle» med mannen, les vi. Ordet i grunnteksten betyr at Jesus fekk ein sterk, fysisk reaksjon, slik vi òg kan oppleva iblant, enten med tårer eller på andre måtar. Han viste dette ved ei fysisk handling òg: Han rørte ved den sjuke. Denne berøringa kom saman med Jesu fråsegn «Eg vil! Bli rein!»

Ein del av det utanforskpet spedalske opplevde var at ingen ville røra ved dei. Men Jesus ville! Han ville òg visa mannen veg bort frå utanforskpet og inn i fellesskapet. «Gå og vis deg for presten og ber fram dei offer for reinsinga di som Moses har gjeve påbod om», sa han, og la til at dette ville vera eit vitnesbyrd for dei som fram til no hadde stengt mannen ute.

Seier så denne teksten noko om vegen bort frå utanforskning for dei som lever i dag?

Eigentleg ikkje. Men den formidlar ei utfordring til oss som kristen kyrkje: At vi skal inkludera dei som lever i utanforskning. Jesu vilje er inkludering, fellesskap og «innenforskning».

# Vår salme

Vi har valgt salmen Måne og sol. Måne og sol er ei salme vi synes er fin. Denne salmen har vært med oss begge i oppveksten, og vi vil synge den for våre barn. Vi sang den også i dåpen til Solveig, på bryllupsdagen vår.

## MÅNE OG SOL

*1. Måne og sol, skyer og vind  
og blomster og barn  
skapte vår Gud.  
Himmel og jord, allting er hans,  
Herren vår Gud vil vi takke.*

*Kor:  
Herre, vi takker deg.  
Herre, vi priser deg.  
Herre, vi synger ditt hellige navn.*

*2. Jesus, Guds Sønn, død på et kors  
for alle, for oss, lever i dag.  
Ja, han er her, ja, han er her,  
Herren vår Gud vil vi takke.  
Kor*

*3. Ånden, vår trøst, levende, varm  
og hellig og sterkt, taler om Gud,  
bærer oss frem dag etter dag.  
Herre, vi takker deg. Herre, vi priser deg.  
Herre, vi synger ditt hellige navn.*

Tekst: Britt G. Hallqvist, f. 1914  
Musikk: Egil Hovland, f. 1924

Videre vil vi utfordre vår venn Vegard Brusveen.

Synnøve Bratvold Rotnes og Sondre Rotnes




## Kryssord

Vannrett: 1.By 4.mørkt 6.smeden plass 7.trist  
8.Anna Olsen 9.ukokt 11.5200 12.Èn Bendiksen

Loddrett: 1.Ukedag  
2.Sterk mann  
3.arbeider under vann  
5.fugl  
10.jentenavn  
11.Ole Nerset.

### Løysingar på Kviss og Kryssord s. 22



# KVISS

**Kong Salomos**

**BIBELBILDEKVISS OG OPPGÄVER FOR HELE FAMILIEN**

**De första nedskrivningarna av Guds Ord**

**1 X På hvilket materiale ble de första nedskrivningarna gjort?**

**1 Kartong. X Papyrus. 2 Pergament.**

**2 Hvilket land utviklet denne skrivemetoden først?**

**1 Israel. X Syria. 2 Egypt.**

**3 Hvilket annet materiale ble det etter hvert mer vanlig å skrive på?**

**1 Tynne treplater. X Keramiske tavler. 2 Pergament av dyrehud.**

**4 Hva slags redskap brukte man til å skrive med på det første materialet?**

**1 Rørpen laget av stiv Griffel. X Finger dypet i maling.**

**5 Hva betyr ordet, BIBEL?**

**1 Hellig skrift. X Guds Ord. 2 Bøker.**

Ideer og oppgaver er hentet fra Kong Salomos Bibel Bilde Kviss, Lunde Forlag AS

## ØNSKEDIKTET

Anbjørg Byfuglien sendte stafettpinnen videre til meg med anmodning om å finne et ønskedikt til Kyrkjevarden, så da får man gjøre et forsøk.

Jeg har alltid vært glad i å lese, helt siden jeg lærte kunsten i Magasinet for alle før jeg begynte på skolen. Nå er det ikke dikt jeg har lest mest av, men på realskolen og gymnasiet likte jeg veldig godt å analysere dikt. Etter at jeg ble mamma, var det utrolig mange sang - og lesestunder på sengekanten. Hver kveld for mine barn, fra barnebøker til Donald. Og når det var tordenvær, samlet jeg ungene i senga og leste for dem for å glemme at jeg slett ikke likte slikt vær. Som lærer i Barneskolen fra 1. - 7. klasse hadde man mange gylne muligheter til å gi elevene gode leseopplevelser, fra de søte små som elsket rim, regler og koselige fortellinger til de store som gjerne ville ha litt spenning.

Det var spesielt stas da de store guttene i 7. klasse som hadde vokst meg godt over hodet, satt som tente lys da jeg leste for dem i matfriminuttet mens de spiste, eller når jeg leste julefortellinger hver morgen i adventstiden. Slike gode lesestunder minnes jeg med glede, og jeg håper alle er blitt glade i å lese.

Det er ett dikt som har fulgt meg, og som jeg har hatt på veggen i klasserommet. Diktet heter «Livets lære.» Det er skrevet av Dorothy Law Nolte som ble født i Los Angeles, California, 12. januar 1924. Hun hadde selv tre barn. Hun skrev diktet «Children Learn What They Live.» Barn lærer av det de opplever, ikke

av det vi sier at de skal gjøre. Diktet handler om omsorg for barn og kunsten å oppdra dem. Målet vårt er vel å få trygge, snille, rettferdige og målbevisste barn. Barn lærer gjennom eksemplets makt. Foreldre, lærere i skolen og alle voksne er rollemodeller for barna enten vi vil eller ei. Og så tråkker vi feil av og til, da. Det gjør vi nok alle.

Diktet er oversatt til 18 språk, og det ble spesielt distribuert til millioner av nybakte foreldre. Diktet er oversatt til norsk av Andre Bjerke. Forfatteren døde 6. november 2005.

Jeg utfordrer Laila Hestekind til å finne et dikt til neste utgave av Kyrkjevarden.

Helga Olstad



**Helga Olstad**  
har valgt dikt i  
denne utgaven  
av Kyrkjevarden

### ***Livets lære***

*Barn som er vant til spydigheter, lærer å bli usikre.  
Barn som er vant til kritikk, lærer seg å fordømme.  
Barn som er vant til mistillit, lærer å fare med fusk.  
Barn som er vant til hengivenhet, lærer å bli glad i andre.  
Barn som er vant til oppmuntring, lærer å vise tillit.  
Barn som er vant til oppriktighet, lærer å skille sannhet fra løgn.  
Barn som er vant til ros, lærer å påskjonne andre.  
Barn som er vant til hjelpsomhet, lærer å vise omtanke.  
Barn som er vant til lesning, lærer seg å tenke.  
Barn som er vant til tålmodighet, lærer å vise forståelse.  
Barn som er vant til lykke, vil finne kjærlighet og skjønnhet.*

## TV-aksjonen 2022

23. OKTOBER 2022



## TV-AKSJONEN NRK

### Årets tema – «Sammen redder vi liv».

TV-aksjonen NRK 2022 går til Leger Uten Grensers arbeid for å gi livreddende helsehjelp og medisiner til mennesker som trenger det mest. I år går TV-aksjonen av stabelen 23. oktober.

Akkurat nå venter millioner av mennesker på å bli behandlet av en lege. For mange står det om livet, men tilgang til helsehjelp er ingen selvfølge. Årets TV-aksjon skal gå til å forebygge livsfarlige sykdommer, utvikle medisiner og behandle pasienter i noen av verdens glemte kriser.

Med årets TV-aksjon skal vi bidra til å forebygge epidemier og behandle kjente og ukjente sykdommer i fire land: Bangladesh, Den sentralafrikanske republikk, Den demokratiske republikken Kongo og Sierra Leone. Vi skal gi vaksiner, tilgang på livreddende medisiner og legebehandling.

I samarbeid med forskningsorganisasjonen DNDi skal deler av TV-aksjonsmidlene også brukes til å utvikle medisiner mot glemte, dødelige sykdommer. Sammen redder vi liv!

### Ønsker du å være med på verdens største dugnad?

Den enkleste måten du kan engasjere deg på er å bruke to timer søndag 23. oktober til å gå med bøsse. Om du ønsker å bidra ta kontakt med en av medlemmene i TV-aksjonskomiteen

Karin Stagarud	95 21 47 95
Wenche Hillestad Møller	94 16 63 23
Rita Sirhaug	47 05 24 74
Syver Øistuen	97 68 90 35
Tor Bjørnødegård	95 86 35 80

Med vennlig hilsen  
Tor Bjørnødegård  
TV-aksjonskomiteen 2022 ETNEDAL



# Velkommen, Solgunn Vårlid Stensæter!

Solgunn har startet på «Erfaringsbasert Master: prest» på MF – Vitenskapelig høyskole Studiet er lagt opp med vekt på lokal tilhørighet, sammen med prest og menighet, og Solgunn skal være i Etnedal.

De vil møte henne på ulike arenaer. Hun har allerede hatt to møter med presten, vært med i ei gravferd, deltatt på stabsmøte og det er planlagt deltagelse i gudstjenester.

Marit prest

## Her er hennes selvpresentasjon:

Solgunn Vårlid Stensæter, 49 år. Gift med Håvard. To barn, Ida 11 og Håkon 9, bonusbarn Ørjan og Vilde, og så heldig å få være bonusbestemor til Eskil 3 år. Bor i Hølera, kommer fra Stavanger. Utdannet sykepleier og diakon. Kom til Valdres første gang i 2000, startet da mitt første Valdreskapittel i Etnedal med å jobbe som sykepleier på Tonsåsen. Jeg savner fortsatt lukta, maten og menneskene der! Og ikke minst erfaringen av hvor viktig kosthold og fysisk aktivitet er for helsa vår.

Jeg har ellers jobbet mesteparten av tida mi innen psykisk helsearbeid, både på institusjon, akutt og de siste årene i Sør Aurdal kommune. Men jeg har også jobbet med mye annet; rafiskproduksjon, gårdsarbeid, bakeri og for tiden har jeg en liten stilling som linjerydder på høgspent.

På fritida er jeg birkter og glad i hage, dyr, friluftsliv og god mat.

I mange år har jeg hatt lyst til å jobbe i kirka og nå har endelig anledningen bydd seg. Jeg har startet på det splitter nye utdanningsprogrammet «Erfaringsbasert Master: Prest» på Menighetsfakultetet i Oslo. Der får jeg muligheten til å bruke både min utdanning og erfaring, bygge på med teologiske fag og bli prest. Jeg planlegger å ta studiet på deltid, så inntil fire år vil det ta meg. Første året går jeg sammen med Ellen, som allerede er godt kjent her og snart ferdig med prestutdanningen sin. Studiet er lagt opp med vekt på lokal tilhørighet og kunnskapsoversføring ved å være sammen med prest og delta i menighetsliv. Jeg synes jeg har vært superheldig som får være med Marit prest, og gleder meg stort til mitt nye Etnedalskapittel. Jeg kommer til å være med både på gudstjenester og andre aktiviteter Marit driver med – jeg har skjønt at det er litt av hvert en prest kan finne på! Så, kanskje bortsett fra kommunestyremøter, gleder jeg meg til å bli kjent med både Etnedal, menneskene her og livet som prest i tida fremover.



**Solgunn Vårlid  
Stensæter**

## Lenningen seterhus

Lenningen seterhus er oppgradert og leies ut til lagforeninger og privatpersoner i Etnedal kommune. Ta kontakt med kirkekontoret for spørsmål om leie.



### Utleiepriser:

#### Privatpersoner:

1 dag/ kveld:	kr.	500,-
1 døgn:	kr.	1000,-
Helgeopp hold (fre. - søn.):	kr.	2000,-
Langweekend	kr.	3000,-
1 uke:	kr.	5000,-
Påskken:	kr.	8000,-

#### Lag og foreninger:


1 dag/ kveld:	kr.	500,-
1 døgn:	kr.	1000,-
Helgeopp hold (fre. - søn.):	kr.	3000,-
Langweekend	kr.	4000,-
1 uke:	kr.	6000,-
<b>Påskken:</b>	kr.	9000,-

## Naturhjørnet - Ein sommar er over



Desse fugleungane (frå juni) høyrer til i ein trostefamilie som hadde etablert sitt rede i epletreet til Unni Klevgård. I løpet av september trekker dei sørover til Storbritannia eller kontinentet.

Foto: Unni Klevgård



På æftastur til Bjørgovarden

Foto: Unni Klevgård



Det største av Tvitjerna med Synnfjell bak.

Foto: Elisabet Norling



Sikkert seinsommarteikn, røsslyng.

Foto: Ingjerd Thon Hagaseth



Takk til dei som har  
sørga for blomeprakt

i Bruflat sentrum  
denne sommaren.

Foto: Marit Slettum

# Tradisjonsrik gudsteneste på N. Lenningen seterhus

## Eit lite glimt frå nærhistoria

Før restaureringa av seterhuset i 1987 starta tidlegare sokneprest Abraham Brekne med gudstenester på seterhuset. Då var samlinga i friluft, visstnok ved ein plankestabel. Dei fleste åra etterpå, har messa vore inne, men under koronaen var vi ute, to år på rad. Seterhuset var nyrestaurert, og den fine, store verandaen høvde godt til gudstenestesamling.

Flest gudstenestedeltakarar på seterhuset var det, utan tvil, sommaren 1990, fyrste året Etnedalsdagane vart arrangert. Då var det utstillingar i Samfunnssalen og underhaldning frå lånt scene laurdagen, og søndag skulle arrangementet flyttast til seterhuset, med gudsteneste, foredrag om setring i tidlegare tider, auksjon, rummegraut med meir.

Vi vart mildt sagt overvelta av kor mange som kom. Det hadde regna om natta, så vi såg vel for oss at frammøtet skulle bli heller dårlig...

Eg gløymer aldri då Tonethe Jensen kom inn i stogo og kunngjorde at det var «svart med folk» på veg ned setervollen. (Det var før det vart bygd veg) Ikkje ein brøkdel fekk plass inne i huset, kvifor sökte vi ikkje ut? Eg lurte ofte på det etterpå.

Veret letta utover dagen, så vi lærte om stølsdrift, arrangerte auksjon og åt rummegraut.

Så bortsett frå dei siste to restaureringsperiodene, har det vore gudsteneste på N. Lenningen seterhus kvar sommar.



N. Lenningen seterhus

I år var tidspunktet 7. august, og huset var triveleg fullt då Sergio organist starta på preludiet.

Tema for dagen var dom og fordøming, med utgangspunkt i Lukas ev.kap. 6, 36-42. Ei tekst til ettertanke for oss alle.

Etter messa var det servering av rummegraut og spekemat, pluss kaffe og kringle

Alle foto: Magnhild Claudius

<sup>36</sup>Ver miskunnsame, som Far dykker er miskunn-sam. <sup>37</sup>Døm ikkje, så skal de ikkje dømmast. Fordøm ikkje, så skal de ikkje fordømmast. Ettergjev, så skal de få ettergjeving. <sup>38</sup>Gjev, så skal de få: Eit godt mål, stappa, rista og overfylt, skal de få i fanget. For med det målet de sjølve måler med, skal det òg målast opp til dykk.» <sup>39</sup>Han fortalte dei òg ei likning: «Kan ein blind leia ein blind? Kjem ikkje begge til å falla i grøfta? <sup>40</sup>Ein lærling står ikkje over meisteren, men når han er utlært, blir han lik meisteren sin. <sup>41</sup>Kvífor ser du flisa i auget til bror din, men bjelken i ditt eige auge merkar du ikkje? <sup>42</sup>Og korleis kan du seia til bror din: ‘Bror, lat meg ta flisa ut av auget ditt’, når du ikkje ser bjelken i ditt eige auge? Din hyklar! Ta først bjelken ut av ditt eige auge. Då ser du klårt og kan ta flisa ut av auget til bror din.



Alistair Bate og Bruno Pedrino likte godt den norske rummegrauten. Alistair og Bruno er begge biskopar, og dei har budd i Hestekindbygda eitt år. I fjar sommar kom dei flyttande frå Sveits. Alistair er opprinnleig frå Irland og Bruno - frå Italia.



Fin stil på denne utøvaren. Ho er frå Ringerike, men var i distriktet vårt på besøk.

Programmet vart avslutta med hesteskotevling. Det var mange gode prestasjonar, sjølv dei som aldri hadde prøvd sporten før, stilte modig opp. Poengsummane var litt variable, men suveren vinnar vart Einar Nysveen, som fekk sitt fyrste napp i vandrefatet. Kristen Nysveen, Ingebjørg og Terje Storsveen administrerte tevlinga.



# Fargelegg!

Teikning: CLAUDIA CHIARAVALLOTTI



# N. Etnedal kyrkjegard

Glimt frå prosessen med utvidinga og planeringa på kyrkjegarden

Foto: Oddbjørg Løvlie Hagaseth



Slik såg det ut i slutten av juni



Flomvollen mot elva – seinare på sommaren



Planering på eksisterande del av kyrkjegarden.



Både entrepenør Eyvind Lundmoen og kyrkjeteinar Nils Kjell Nilsen har hatt mange arbeidstimar på kyrkjegarden i sommar.



Mykje jord og Stein er flytta

**Pårørandeskule  
Hausten 2022  
Kurs for pårørende til  
personar med  
demens-sjukdom**



Arrangør : Demensgruppa i Etnedal helselag  
i samarbeid med  
Pleie – og omsorgstenesta i Etnedal kommune

*Vi veit at når eit familiemedlem,  
ein ven eller ein nabo blir råka av  
demenssjukdom, vil dette påverke  
dei nærmaste i stor grad.*

*Erfaring har vist at det som blir  
mest etterspurt i ein slik situasjon,  
er kunnskap om sjukdomen og  
korleis ein kan takle kvardagen.*

Samlingane startar med undervisning om aktuelle tema. Etter ei god matpause blir det gruppessamtaler.

*Kurset er tenkt for deg som har eit familiemedlem, ein  
nær slekting eller ven med demenssjukdom.*

Tilbodet er elles ope for alle  
som ynskjer meir kunnskap om sjukdomen.

*Kurset er gratis*

- Å gje pårørende til personar med demens større kunnskap om demenssjukdomane
- Å auke kunnskapen om samhandling med personar med demens, for å gjere kvardagen lettare.
- Gje pårørende betre kunnskap til rettar og aktuelt lovverk, og korleis få kontakt med hjelpeapparatet.
- Tilby støtte gjennom å møte andre pårørende som er i same situasjon.

VEL MØTT!

**Kursprogram**

**Torsdag 6. oktober kl. 18 – 21**

**Tema: Demenssjukdomar– sjukdomslære**  
Forelesar: Bjørn Lichtwark,  
Forskar og spesialist i allmennmedisin

**Torsdag 13. oktober kl. 18 – 21**

**Tema: Kommunikasjon med personar med demens**  
Forelesar: Spesialsjukepleiar  
Kirsti Marie Fredheim

**Torsdag 20. oktober kl. 18 – 21**

**Tema : Sorg og omsorg**  
Forelesar: Sjukepleiar, diakon og prestestudent  
Solgunn Vårlid Stensæter

**Tema : Tilbod i kommunen, i regi**

av det offentlege og friviljuge organisasjonar  
Forelesar: Demenskontakt i Etnedal kommune  
Inga Berger Lunde

**Torsdag 27. oktober kl. 18 – 21**

**Tema: Lovverket ; rettstryggleik for  
personar med demens, og framtidfullmakt.**  
Forelesar: Maren Hynne Moss,  
Seniorrådgjevar i Pasient-  
og brukarombodet.

Samlingane blir på Etnedal helselag sitt Seniorsenter,  
u.eg. Etnedal helselags Stiftelse.  
(Aldersbustadane bak Etnedalsheimen).

**For nærmare opplysningar og påmelding, kontakt:**

Demensgruppa i Etnedal helselag  
Marit Slettum, tlf. 91393314  
el. Rådgjevar i Etnedal kommune  
Eli Strand, tlf. 41205094

**Påmeldingsfrist: 1. oktober 2022**

### Program høst/vinter 2022



Lørdag 3. sept. 12.00-15.00 Vaffellørdag

Lørdag 17. sept. 12.00-15.00 Vaffellørdag

Mandag 19. sept. 18.00 Kulturradsmøte

Onsdag 21. sept. 19.00-21.00 Årsmøte i Stiftelsen Blåflat gard

Torsdag 22. sept. 19.00 Handarbeidskveld  
Etnehal husflidslag (åpent for alle)

Lørdag 1. okt. 11.00-16.00 BLÅFLAT-DAG

"Var dag" samling av lag og foreninger #frivillighetensar  
Handverksmarked v/husflidslaget  
Åpning av Kulturdagatn v/ordføreren  
Kulturelle innslag v/kulturskolen  
Fotoutstilling v/Jotun fotoklubb  
Skattejakt med metalldetektor  
Salg av mat og drikke

Torsdag 6. okt. 14.00 Den kulturelle spaserstokken  
"Songar me song ein gong" ved duoen Hemsing/Villa

Lørdag 8. okt. 12.00-15.00 Vaffellørdag m/basartrekning

Torsdag 13. okt. Kurs i vindusrestaurering t.o.m. 16.0kt

Lørdag 15. okt. 18.00 Pub-kveld og QulturQuiz m/Øyvind

Torsdag 20. okt. 19.00 Handarbeidskveld  
Etnehal husflidslag (åpent for alle)

Lørdag 5. nov. 12.00-15.00 Vaffellørdag

Torsdag 17. nov. 19.00 Handarbeidskveld  
Etnehal husflidslag (åpent for alle)

Lørdag 19. nov. 12.00-15.00 Vaffellørdagi  
19.00 Medlemskveld i Blåflat gards venner.

Lørdag 3. des. 12.00 JULEMARKED



**Kommune-info**  
Sjå også Etnedal kommunens hjemmeside [www.etnedal.kommune.no](http://www.etnedal.kommune.no), og Etnedal kommunens facebook-side

## Kulturdagatn 2022

Dag	Tid	Aktivitet	Stad	Arrangør /ansvar
Laurdag 1.10.	11.00 - 16.00	Opning av Kulturdagatn med «Vår dag» - «Vår dag» - samling og presentasjon av lag og foreiningar i Etnedal - #frivilighetsår - Handverksmarknad v/Etnedal husflidslag - Sal av kaffi og mat ved Blåflat gards venner - Kl. 12.00: Opning av Kulturdagatn v/ ordførar Linda Mæhlum Robøle - Kulturelle innslag v/ Etnedal kulturskule - Opning av utstilling v/ Etnedal kulturskule - Kino for barn i øvrebygningen	Blåflat gard	Etnedal frivilligsentral Etnedal kulturråd Etnedal idrettsråd Etnedal husflidslag Stiftelsen Blåflat gard Etnedal kommune
	10.00-13.00	Laurdagsope bibliotek	Etnedal folkebibliotek	Etnedal folkebibliotek
	13.00-15.00	Open kyrkje	Bruflat kyrkje	Kyrkja i Etnedal
	14.00	Framsyning ved Etnedal kulturskule	Etnedalsheimen	Etnedal kulturskule
	14.00-18.00	Open badstogo	Bruflat badstue	Bruflat badstues venner
	16.00	Konsertforedrag med Gutta på skauen: «De sang for livet» - Inngang kr. 150, inkl. kaffe og kringle	Skogtun	Etnedal kommune
Måndag 3.10.	13.30	Konsert ved kulturskulen	Etnedal skule	Etnedal kulturskule
Tysdag 4.10.	09.30	Konsert ved kulturskulen	Eventyrskogen barnehage	Kulturskulen
Onsdag 5.10.				
Torsdag 6.10.	09.30	«Brum» ved duoen Hemsing/Villa – for barna i barnehagen	Eventyrskogen barnehage	Etnedal kommune
	14.00	Den kulturelle spaserstokken: «Songar me song ein gong» ved duoen Hemsing/Villa - Inngang kr. 100, inkl. kaffe og kake	Storstugu, Blåflat gard	Etnedal kommune Blåflat gards venner



Fredag 7.10.		Klubbkveld med konsert for ungdom	Blåflat gard	Etnedal ungdom- og fritidsklubb Etnedal ungdomsråd Stiftelsen Blåflat gard Kulturkontoret/ Etnedal kommune
Laurdag 8.10.	12.00- 15.00	Laurdagsvaffel med basartrekning	Blåflat gard	
	19.00	Oktoberfest på Lenningen fjellstue	Lenningen fjellstue	
Torsdag 13.10		Kurs i vindusrestaurering 13.-16. oktober	Blåflat gard	Valdresmusea Blåflat gard
Fredag 14.10.	16.00	Kulturliv og næringsliv i Etnedal	Stad?	Arr. Etnedal utvikling
		Kurs i vindusrestaurering 13.-16. oktober	Blåflat gard	
Laurdag 15.10.		Kurs i vindusrestaurering 13.-16. oktober	Blåflat gard	
		Pub-kveld med QulturQuiz	Blåflat gard	
Sundag 16.10.		Avslutning av vindusrestaureringskurs	Blåflat gard	

## «Gutta på skauen» med forbudte viser

På åpningsdagen for Kulturdagatn lørdag 1. oktober kan vi oppleve trioen Gutta på skauen med konsertforedraget «De sang for livet» - på Skogtun kl. 16.00. Erfaren trio Per Vollestad, Svein Olav Blindheim og Fredrik Øie Jensen tar med seg motstandssanger fra andre verdenskrig til Etnedal. Gjennom ord og toner tar de oss med inn i den kritiske pennen og sangens betydning og kraft i krisetider. Kampen for ytringsfrihet er på ingen måte av ny dato.

Per Vollestad, Svein Olav Blindheim og Fredrik Øie Jensen tar med seg motstandssanger fra andre verdenskrig til Etnedal. Gjennom ord og toner tar de oss med inn i den kritiske pennen og sangens betydning og kraft i krisetider. Kampen for ytringsfrihet er på ingen måte av ny dato.

Trioen så dagens lys på 2000-tallet i forbindelse med et plate- og konsertsamarbeid med selveste Erik Bye. Gutta på skauen har gitt ut tre CD-er med sanger fra krigenes dager, og en fjerde kommer nå i høst.

**Sangens betydning**

Konsertforedraget er basert på Per Vollestads bok De sang for livet. Om norsk motstandskamp og forbudte viser under andre verdenskrig, som ble utgitt i sommer. 9. april 1940 tok tyskerne kontroll over NRK, og høsten 1941 ble hele 538 642 norske radioer konfiskert. Med det stilnet musikken i de tusen hjem, men samtidig våknet kreativiteten og diktergleden hos norske kvinner og menn. Nidviser om Hitler, NS og Quisling florerte og ble spredt fra munn til munn. Dette ble slått hardt ned på, og flere diktere og sangere havnet på Grini og i tyske konsentrationsleirer, men der fortsatte sangen.

De illegale visene hadde stor betydning for den norske motstandskampen under annen verdenskrig. På 10 år samlet Per Vollestad hele 400 folkelige illegale sanger fra hele landet.

**Konsertforedrag på Skogtun**

En del av visene får vi høre – og høre om – på Skogtun 1. oktober. Arrangør er Etnedal kommune. Inngangsbilletten på kr. 150 inkluderer kaffe og kringle. Vil du sikre deg plass, send e-post til kulturkonsulent Nina E. Grønbekk: nina.gronbrekk@etnedal.kommune.no.

## Bedriftsbesøk – Bjødnastølen Islandshester



**Skiltet til Bjødnastølen. Hesteinteresserte, også mange nye, har funnet vegen dit i sommer**

Jeg har endelig gjenopptatt bedriftsbesøkene etter korona. I juli besøkte jeg Bjødnastølen Islandshester, eiet og drevet av Anne Margrethe Bergsbakken.

Bjødnastølen er idyllisk plassert med flott utsikt, beliggende langs Lenningsvegen i Etnedal. På en klarværsgdag kan man se helt til Hurrungane vest i Jotunheimen.



**Anne Margrethe Bergsbakken, med noen av de fine islandshestene sine.**

**Et ridefølge fra Bjødnastølen**

Hestebesetningen som nå teller over 80 hester, er først og fremst et resultat av sterkt interesse og lidenskap for islandshester. Det hele startet som hobby, men har etterhvert også utviklet seg til næring. På Bjødnastølen tilbys det både kortere og lengre rideturter. Turen via Jomfruslettfjellet er spesielt populær. Om sommeren arrangeres også rideleirer. Anne har flere tanker og idéer om hvordan driften kan utvikles videre, også i samarbeid med andre aktører innen reiselivet i Etnedal.

Så langt er ikke noen av hestene lagt ut for salg, men etterhvert er tanken også å avle for salg. Anne bruker en egen filosofi ved håndtering og bruk av hestene. På Bjødnastølen ris f.eks. hestene uten bruk av bitt i munnen, med enkle pads i stedet for sal, og hestene blir heller ikke skodd. Flokken er harmonisk og vennlig, og flere av hestene beiter fritt i utmarka. Hingstene går på egne innkjørsede sommerbeiter et stykke fra gården.

Jeg ønsker masse lykke til videre med utviklingen av Bjødnastølen Islandshester!

(Jeg ble forresten også med på ridetur til Jomfruslettfjellet senere på sommeren, en tur jeg sterkt kan anbefale. Jeg har visst også hestedilla... )

Linda Mæhlum Robøle  
Ordførar



# Unge gründarar

## Steinsetbygda hytte- og boligservice

Dei har pågangsmot og arbeidsglede Mats Månum-Nerli og Sondre Tollehaug, som starta eige bedrift hausten 2020, under namnet Steinsetbygda hytte- og boligservice.

Dei starta med å hogge og legge opp ved rundt jordvegen på eigedomen Tollehaug leiger av Sørflaten, etterpå er det kapping og kløyving. Maskinelt utstyr inngår i ei leigeavtale dei har med far til Sondre. Han stiller traktor og vedkløyvar (Palax KS 35 ergo) til disposisjon, og risikoen er låg, for Mats og Sondre er punklege betalarar.

Denne hausten har dei laga 92 storpallar a 1000 l, 274 a 60 l og 150 sekker a 40 l. Mykje er allereide bort-tinga til god vintervarme i hytter og hus, men det er enno att ved, særleg då dei to minste sekkane. Dei sel stort sett bjørkeved (90%), resten er blandingsved. Rundt halvparten av kundane hentar veden sjølv, men mange treng også få den tilkøyrt. No kan dei også gjere den jobben sjølv, for Sondre har nett take førarkort.

Jobben blir delvis gjort i feriar og helger, men dei har også hatt mange ettermiddagar etter skuletid. Mats går no i 10. klasse på Etnedal skule. Sondre starta i haust på byggfag ved Valdres vidaregåande, men dei rekk begge delar, desse karane.

Har dei tid til overs, tek dei også gjerne på seg andre oppdrag, så som glasklypping og rydding (utandørs) og snømåking.

Begge synest det er interessant å jobbe slik. Dei møter stadig nye folk og lærer mykje. Gode pengar tener dei óg, men det kjem ikkje då seg sjølv, målbevisst arbeid må til.

Marit prest

**Sondre Tollehaug og  
Mats Månum Nerli, unge  
gründarar i Steinsetbygda.  
Foto: Wenche Hillestad Møller**



## Dåpshøgtider i Bruflat kyrkje



Noah Emiel Larsen Aronsen  
vart døypt 28. august.

Frå venstre fadrane Mats Gerhard Larsen og Kristine Cecilie Aronsen, og foreldra Kim Aronsen og Yvonne Angelica Larsen Kristiansen med dåpsbarnet.



Iver Berg vart døypt 4. september.  
Frå venstre fadrane, Karen Magnhild Kleiven og Maren Berg, foreldra Mari Kleiven Berg og Andre Berg, Marit prest, fadrane Helle Berg med Ingvild Sandberg og Sindre Hage Kristoffersen med Nora Kristoffersen.



Tobias Bergeid og Karine Snorheim Brusveen vart døypte 3. juli. Her ser vi dåpsbarna saman med foreldra, ved døypefonten. Frå venstre Hanne Kompen og Trond Bergeid, Håvard Brusveen og Marianne Snorheim.

## Løysingar – kryssord og kviss

Kryssord - BOKSESEKK

### LØSNING:

Vannrett: 1.OSLO 4.NATT 6.SMIE 7.SUR  
8.AO 9.RÅ 11.OS 12.ARNE

Loddrett: 1.ONSDAG 2.SAMSON  
3.OTER 5.TIUR 10.ÅSE 11.ON

### Kviss

Svar:

- 1) X
- 2)
- 3) 2
- 4) 1
- 5) 2

## Konfirmasjon



**Johannes Skogtjärn Lundstein vart konfirmert 3. juli i Bruflat kyrkje. Johannes bur i Uppsala i Sverige, i mor sitt heimland, men han har også djupe røter her i dalen. Far hans, Hans Lundstein er etnedøl, frå Kringlemoen.**

*« Lås porter opp når kveldene blir sene,  
septembermilde kjærlighet.  
Ja, syng om Gud for dem som  
er alene,  
Og dem som kjenner bitterhet,  
så triste ler  
og blinde ser  
at livet stadig vekk er verd å  
leve.»*

Holger Lissner,  
oversatt av Eyvind Skeie  
Norsk salmebok nr. 520, vers 3



### Bruflat

Karine Snortheim Brusveen	3. juli
Tobias Bergeid	3. juli
Noah Emiil Larsen Aronsen	28. august
Iver Berg	4. september



### Bruflat

Ida Jasmin Hole og Vebjørn Kompen	27. august
-----------------------------------	------------



### Bruflat

Inger Anna Bergene Garli
Narve Lunde
Kjell Espeseth

### Nord-Etnedal

Lars Hagaseth



### Bruflat

Johannes Skogtjärn Lundstein	3. juli
------------------------------	---------

# VEL MØTT TIL GUDSTENESTE



## Laurdag 17. september

Vandring fra Kyrkjesletta på Dalen til Nord-Etnedal kyrkje, for nye konfirmantar og andre interesserte.

Prost Carl Philip Weisser leier vandringa.  
Frammøte ved Nord-Etnedal kyrkje kl. 10.30



Foto: Oddbjørg Løvlie Hagaseth

## 18. september – Inga gudsteneste

## 25. september – 15. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Nattverd.  
50-års-konfirmantjubileum  
Presentasjon av nye konformantar.  
Takkoffer til NLA-Høgskolen.

2.oktober - Inga gudsteneste. (presten har ferie)

## 9. oktober – 17. søndag i treeiningstida

Kl. 19.00 Bruflat kyrkje, Nattverd. Takkoffer til TV-aksjonen

## 16. oktober – 18. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje.  
Utdeling av 4-årsbok  
Takkoffer til TV-aksjonen.

## 23. oktober – Inga gudsteneste

## 30. oktober – Bots- og bededag

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje.  
Utdeling av 4- og 2-årsbøker  
Takkoffer til NLA-Høgskulen.

## 6. november – Alle helgens dag

Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje. Nattverd.  
Kl. 19.00 Bruflat kyrkje. Nattverd

## 13. november- 23. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje.  
Solveig Grandhagen og  
Anne Marit Høsteland  
Gudsteneste for menneske med nedsett  
funksjonsevne.  
Nattverd. Takkoffer til Den norske  
Sjømannskirken.

## 20. november – Inga gudsteneste

## 27. november – 1. søndag i advent

Kl. 16.00 Bruflat kyrkje. Lysmesse.  
Takkoffer til Søndagsskolen i Norge.

## 4. desember – 2. søndag i advent

Kl. 16.00 Nord-Etnedal kyrkje  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

## 11. desember – Inga gudsteneste

Med etterhald om evt. endringar

**Gudstenestene blir annonsert i avis Valdres, på heimesida vår; Kyrkja.no/Etnedal og på facebook-sida Kyrkja i Etnedal.**

Frist for stoff til Kyrkjeverden – Jul er 15. november